


Årsplan for Jostedal barnehage 2013/2014



INNLEIING

Jostedal barnehage og Jostedal skule utgjer Jostedal oppvekstsenter. Barnehagen ligg i tilknytning til samfunnshuset og skulen ligg like ved. Sfo har base i barnehagen.

Barnehageåret 2013/2014 er det pr i dag 18 barn i alderen 1 – 6 år i barnehagen.

Dei tilsette er:

Mette F. Reinertsen, styrar/rektor

Oddbjørg Ese, ass styrar/rektor

Anne Kristin Haugen, pedagogisk leiar

Bodil Blikra, fagarbeidar

Karianne Kveane, assistent

Gunn Jorunn Krogjelet, fagarbeidar/assistent

(Alle i varierende stillingstorleik)

Årsplanen er bygd opp over same lest som Rammeplan for barnehagen. Huset på framsida har to mål; symbolsk og praktisk.

Symbolisk - me samanliknar innhaldet i barnehagen med eit hus:

- Fundamentet: I grunnmuren finn de våre verdiar, barn sin medverknad og samarbeid med heimen. Dette er grunnleggande for all barnehageverksemd, og må vere eit *stødig fundament* for resten av barnehageverksemda.
- Inne i barnehageromma finn de dei aktivitetar, opplevingar og tema som barnehagedagen er fylt med. Gjennom omsorg og leik vil me fremje danning og læring. Rammeplanen har 7 fagområde som barnehagen skal jobbe med. Fagområda vert dekkja både gjennom kvardagsaktivitetane våre og gjennom spesielt utvalde tema.
- På taket har me lagt inn planlegging, vurdering og dokumentasjon. Viktige punkt som Rammeplanen seier at barnehagen skal jobbe med.

Praktisk: Lett å finne fram.

Dette barnehageåret har skulen og barnehagen to felles satsingsområde. Desse to er

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Medverknad

I tillegg vil barnehagen ha tema

- *Fargar* for 3-åringane
- *Skuleførebuing/overgang barnehage-skule* for 5-åringane
- *Kroppen vår* felles for alle over nyttår

Faste tema som går att kvart år kjem i tillegg til desse.

Har du tilbakemeldingar eller spørsmål så ta kontakt!

Oddbjørg Ese

Ass styrar/rektor

[Tilbake](#)

1. VERDIGRUNNLAGET (Fundamentet)

Våre grunnleggande verdiar

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlyhet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

(Barnehageloven §1 Formål, 1. ledd)

Barnehagen er ein viktig medspelar i barnehagebarna sin dannelsingsprosess. Korleis dei vaksne i barnehagen møter barna i omsorg, lek og læring er viktige brikkar i barna sin dannelsingsprosess. Me ynskjer å skape eit klima som er prega av respekt og rausheit. Me ynskjer å formidle haldningar om rettferd, det å ta omsyn til kvarandre, vise omsorg og vereause med kvarandre. Me skal ta oss tid til å lytte, tid til å vere til stades. Me prøver å halde eit jamt humør og skape eit godt klima der ungane kjenner seg trygge og tekne vare på. Me ynskjer å gje barna læring gjennom undring og gode opplevingar.

Me har fåe felles reglar, men legg vekt på at den vaksne vurderer situasjonen som oppstår, og handlar til det beste for barnet/barna. Dei tilsette må kunne variere mellom å vere motivator, oppdragar og rettleiar. Slik ynskjer me å vere ei støtte og hjelp for barna slik at dei kan utvikle seg til den beste versjonen av seg sjølv.

Ungane viser glede i lek, og dei viser glede når dei opplever meistring av ting som har vore vanskeleg. Gleda kjem og fram ved nærleik og felles opplevingar. Gleda og humoren er viktig for oss å ta vare på i kvardagen. Når den blomstrar ser me det som teikn på at trivselen er god, og at ungane likar å vere saman.

Samarbeid med heimen

I lag med foreldra ynskjer me å skape ein god barndom for barna. For i best mogeleg grad oppnå det, treng me både eit formelt og eit uformelt samarbeid med dei heime.

Foreldremøte: 3 kvart år. Haust: Eit felles foreldremøte for heile oppvekstsenteret + eit for barnehagen åleine, Vår: Eit felles foreldremøte for heile oppvekstsenteret.

Foreldresamtalar: 2 kvart år. Ein om hausten og ein om våren. I tillegg kan nye ungar få ein ekstra foreldresamtale i samband med oppstart.

Den daglege kontakten: Me ser denne som svært viktig. Naudsynt informasjon om barnet vert overbragt mellom heim og barnehage, dette til beste for barnet.

Me ynskjer å vere tilgjengelege i leverings- og hentesituasjonen, men av praktiske årsaker er ikkje dette alltid mogeleg. Grip fatt i oss viss de har spørsmål eller opplysningar som me bør få. Praktiske meldingar frå dykk til oss, skriv me ned i ei beskjedbok slik at informasjonen når alle dei tilsette.

Månadsplan finn de på heimesida. Me heng opp bilde med litt tekst etter at aktivitetane er gjennomført eller skriv på tavla på døri.

Nissefest: Ein julefest for barn, foreldre, søsken og besteforeldre i barnehage og sfo. Foreldrerådet tek seg av det praktiske, medan barnehagen har litt program og aktivitetar for barna. I år har foreldra bestemt at den blir torsdag 5. desember.

Påskefrukost: Barnehagen inviterer barn, foreldre og søsken i barnehage og sfo til frukost ein morgon rett før påske.

Grillfest: Foreldre og søsken i barnehage og sfo vert inviterte til grillfest i barnehagen. Alle tek med det dei vil grille, barnehagen tenner grillen. Ein fest for å markere at barnehageåret nærmar seg slutten.

Heimeside er felles for oppvekstsenteret: **www.oppvekst.luster.no/jostedal**

På heimesida finn de m.a. månadsplan, aktivitetskalender med oversikt lenger fram i tid, og utfyllande informasjon om prosjekt, turar og liknande. Heimesida er hovudkanalen for informasjon, i tråd med Luster Kommune sitt vedtak om å bli ein «papirlaus» kommune.

[Tilbake](#)

Barn sin medverknad

Demokrati – Menneskeverd – Alle si stemme tel

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

(Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning.)

Medverknad, eitt av Satsingsområda 2013/2014

Medverknad	
Resultatmål	Tiltak
I Jostedal barnehage bestemmer alle litt.	<ul style="list-style-type: none">- Ungane blir tekne med på råd. Me tek oss tid til å lytte. Dette gjeld både verbalt språk og kroppsspråk.- Me oppfordrar ungane til å bestemme sjølve- ikkje la andre bestemme over seg.- I fri leik får ungane bestemme sjølve kva dei vil leike med og kven dei vil leike med (men vaksne hjelper til viss det er nokon som er åleine).- Uteleik. Kva dei vil leike med ute og med kven.- I songstund får ungane vere med å bestemme songar, bok, leiker osv- Dogåing, Ungane bestemmer sjølve- Påkledning. Ungane vel antrekk sjølve til ein viss grad.- Ungane bestemmer sjølv når dei er mette.- Ungane får bestemme kva dei vil ete av det som står på bordet.- Når ungane får vere med å bestemme: må lære at dei av og til lyt gje seg for at andre og skal få bestemme.- Når ungane er ueinige: kva kan dei gjere for å bli einige. Komme til einigheit i fellesskap- Ansvar for fellesskapet. Alle kan ikkje gjere som dei vil heile tida.- La ungane ordne opp litt sjølve.- La ungen få kjede seg litt- stimulerer fantasien- Ta ungen sine følelsar på alvor. Det er lov å bli sint!- Ha ordning med hjelpar. Dekke bord, ta inn bordkort, bestemme song, telje i gang sang.

[Tilbake](#)

2. INNHALDET

Omsorg, oppseding, leik og læring

”Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.” (Barnehageloven §2)

Det meste av innhaldet i barnehagen går føre seg i kvardagsaktivitetane. Under vil me seie litt om dei faste punkta i dagsrytmen, og kva som er praktiske og faglege målet med aktivitetane for ungane si utvikling. Dei faste aktivitetane me har definert her er: *Leik, Tilrettelagt aktivitet, Rydding/handvask/samling før mat, Måltid, Kvilestund, Av- og påkledning, Uteleik og Fruktmåltid.*

Dagsrytmen:

7.00: Barnehagen opnar, frileik

8.00/8.15: Frukost, frileik

8.45: SFO-ungane går til skulen

9.30: Tilrettelagt aktivitet – Grupper – Leik

11.00: Mat for 1-åringane på kjøkken (kan bli endra i løpet av barnehageåret)

11.00: Rydding

Vaske hender

Samling før mat

11.30: Mat for 3- og 5-åringane

Kvilestund

Leik ute

14.15: Frukt

14 – 15: Sfo-barna kjem (nyttar kjøkken og matsalen)

16.15: Barnehage og sfo stenger

Dagsrytmen er rettleiande. Tidene kan variere litt frå dag til dag.

Leik:

Innhald:

- Barna leiker med det dei vil, t.d rolleleik, teikne, spel, konstruksjonsleik o.a.
- Personalet les bøker, er med på spel og ser elles til at leiken flyt.
- Hjelper til å løyse konflikter
- Personalet observerer ferdigheiter og ser om barna får vere med i leiken m.m.

Mål:

- Leik er barna sin hovudaktivitet og føresetnad for trivsel
- Allsidig læring og utvikling, jf Rammeplan for barnehagen (utvikling av sosial kompetanse, språklæring osv.)
- Bearbeide ting som kan vere vanskeleg (tema i leiken vil spegle korleis ungane opplever kvardagen)
- At barnet skal utvikle seg i det tempo som er naturleg for den einskilde
- Barna skal ha ein god barndom

[Tilbake](#)

Tilrettelagt aktivitet/grupper:

Innhald:

- Tilrettelagt aktivitet kan vere samlingsstund, formingsoppgåver, gymsalaktivitetar, turar m.m. Det er fyrst og fremst desse aktivitetane og tema i desse som vert skissert i månadsplan.

Mål:

- Jobbe med dei 7 fagområda i rammeplan.
- Allsidig læring og utvikling jf Rammeplan for barnehagen.

Rydding/ handvask/samling før mat:

Innhald:

- Ei hovudopprydding før måltid
- Eit personale steller i stand måltid og dekkjer bord.
- Eit personale har samling med barna. Aktiviteten kan vere song, leikar, lese bøker o.s.v. Eit barn er hjelper og har nokre oppgåver kring måltidet. Vedkommande får hjelpe til med å stelle i stand måltidet, dekke bord, be til bords, telje i gang sang/regle.

Mål:

Rydding:

- Godt å få starte på nytt i leiken. Nye konstellasjoner i leiken.
- Lære å sortere
- Ta ansvar i fellesskapet

Handvask:

- Lære gode hygiene
- Redusere smittefare

I samling

- Allsidig utvikling jf Rammeplan for barnehagen.

Måltid:

Innhald :

- Me et frukost på kjøkken og hovudmåltid inne i barnehagen.
- Som oftast et me brødsriver, men graut, suppe, vaflar, pannekaker m.m. står av og til på menyen.
- Me brukar bordkort, men har ikkje faste plassar.
- Ordenshjelp får velje kva for song/regle me skal starte måltidet med. Mykje brukt er (med rørsler):

*Ormen den lange,
kraup som ein slange,
over eit gjerde,
stal seg ei pære,
delte den i to,
versågod.*

Mål

- Ein sosial arena kring måltidet
- Sunt og allsidig kosthald
- Lære god bordskikk (Bruke normalt stemmeleie, sende mat til kvarandre, hjelpe kvarandre, vente på tur, prøve å ete opp det ein tek til seg)
- Sjølvstendetrening (Klare å smørje maten sjølv, slå i mjølk i koppen, ete med skei osv)
- Konsentrasjonstrening (Halde fokus på eigen aktivitet sjølv om det er mykje anna aktivitet omkring)
- Koordinasjonstrening (auge/hand, Kropp/auge/hand/munn)
- Språkstimulering (Lære namn på ulike pålegg, reiskap, preposisjonar og omgrep, samtale)
- Tal- og teljetrening (1 pølse osv)
- Sosial kompetanse (samtale, vente på tur, dele)

[Tilbake](#)

Kvilestund

Innhald:

- Dei som skal sove får legge seg i vogn ute eller inne.
- Dei andre kviler på madrassar under eit teppe, og lyttar til roleg musikk/ lydbok.

Mål:

- Roe ned litt og ta seg litt inn att
- Motverke stress

Av- og påkledning:

Innhald:

- Ein tilsett ryddar etter mat.
- Dei som går ut må ta på kle etter været i lag med ein vaksen.
- Barna blir minna om at det er lurt å gå på toalettet før dei skal ut. (Den som vil)

Mål:

- Rydde vekk maten, gjere rommet klart til leik og anna aktivitet.
- Toalett rutinar: Lære seg gode rutinar. Kroppskontroll.
- Påkledning: Sjølvstendetrening (finne eigne og eigna kle, kle på seg med minst mogleg hjelp)
- Halde orden på eigen plass i garderoben
- Konsentrasjon. Greie å konsentrere seg om sine eigne kle i eige tempo.
- Vente på tur. Ikkje alle kan få hjelp på same tid.
- Utvikle kroppsbevisstheit

Uteleik:

Innhald:

- Barna leikar på uteområdet (klatrar, spring, syklar, akar, huskar, sandleik, rolleleik, regelleik t.d. stiv heks osv)
- Barn og tilsette går tur.

Mål:

- Allsidig utvikling med hovudvekt på det grovmotoriske og sosiale. Jf Rammeplan for bhg.
- Motivere og inspirere barn til å like å vere ute.
- Frisk luft
- Trygge leikemoglegheiter.

Fruktmåltid:

Innhald:

- Ein tilsett finn fram frukt/knekkebrød/yougert og serverer barna. I tillegg drikke.

Mål:

- Eit lite påfyll av energi og væske for barna.
- Viktige næringsstoff.
- Gode vanar. Motivere barna til å ete frukt og grønt

Tilbake

Språkutvikling - felles fagleg satsingsområde for oppvekstsenteret

Rammeplan for barnehagen seier:

Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser. Alle barn må få et rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Noen barn har sen språkutvikling eller andre språkproblemer. De må få tidlig og god hjelp. (sitat frå Rammeplan for barnehagen s.35)

For å arbeide mot måla i Rammeplan gjer me fylgjande: (Vert tilpassa alderen til ungen)

- Snakke med ungane i daglegdagse situasjonar. Mykje språkutvikling i måltidet, påkledning m.m.
- Me pratar om det meg gjer i lag med ungane. Dette er spesielt viktig for dei minste.
- I konfliktløysing prate om følelsar-løyse opp i situasjonen, og lære å uttrykkje følelsar
- Ikkje rette på ord dei seier feil, men gjenta ordet slik det skal uttalast.
- Snakke ordentleg – ikkje babyspråk.
- Forstå kroppsspråk og setje ord på. Viss me ikkje forstår kva barnet seier, ber me dei om å vise oss kva dei vil – set så ord på tingen dei vil ha. Prøve å finne ut kva dei meiner når me ikkje forstår. Sei opp att ordet rett. Ikkje lest som me forstår, men ta ungen på alvor og prøve å få fatt i kva han meiner.
- Bruke rett ord (seie «sau», ikkje «bæen» eller liknande)
- Lese bøker - høgtlesing – fortelje bøker og aktivisere ungane undervegs (ikkje berre passive lyttarar), ungane teikne/fortelje frå det dei har høyrte etterpå
- Songar
- Leik og regler. T.d. synge det ein gjer
- Fortelje eventyr
- Variere toneleie. Gjer språket meir interessant ved høgtlesing/forteljing
- Synleggjere ord, bokstavar og tal
- Rytme i språket. Klappe namn. Puls.
- Skrive namnet sitt på teikningar
- Teikne og fortelje kva dei har teikna
- Bruke tulleord

Dialektord

- Vekas ord (heng i ramme ved bibliotekhylla i garderoben), 7.klassen som finn nytt ord kvar veke.

Kommunikasjon, språk og tekst er satsingsområde for heile oppvekstsenteret dette barnehageåret. Sjå meir under satsingsområde.

Sosial kompetanse

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd.)

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 4. ledd.)

Sosial kompetanse handler om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjoner. Denne kompetansen uttrykkes og tilegnes av barn i samspill med hverandre og med voksne. Den gjenspeiles i barns evne til å ta initiativ og til å opprettholde vennskap. Forståelse for sosiale forhold og prosesser og mestring av sosiale ferdigheter krever erfaring med og deltakelse i fellesskapet. (Rammeplan for barnehagen, s.34)

- «Steg for steg» er eit pedagogisk verktøy me bruker for å utvikle sosial kompetanse.
- «Venner», er eit pedagogisk verktøy me bruker for å snakke om vennskap og korleis me er mot kvarandre.
- Me brukar primærkontaktar til nye ungar ved oppstart. Ungen møter då fyrst ein vaksen og opprettar eit tillitsforhold til denne før han/ho vert kjende med fleire av dei vaksne.
- Når me startar opp i barnehagen om hausten har me alltid oppstart på programmet. Me ynskjer at ungene skal bli kjende med barnehagen, dei vaksne, og dei andre ungene. Me snakkar om vennskap og korleis me skal vere mot kvarandre.
- lærer reglar og normer for god samhandling.
- Handlingsplan mot mobbing
- Viser elles til det me har skrive om medverknad.

Overgangen barnehage – skule

Luster kommune har utarbeidd Plan for overgangen mellom barnehagen og skulen i Luster kommune, gjeldande frå 01.08.07. Planen skisserer eit minimumskrav til aktivitet.

TID	HANDLING	ANSVAR
September	Samarbeidsmøte mellom skule og barnehage, t.d. ped.led. og teamleder småskoletrinnet, der ein går igjennom plan for samarbeid og eventuelt lagar ein plan for samarbeidet utover minimum. Forventningsavklaring i forhold til kva barnehagebarna bør kunne når dei startar på skulen.	Barnehagen
Desember Frist 1.februar	Representant frå skulen er med på møte med PPT og barnehagen for å søke spes.ped. ressursar for barn med spesielle behov. Overgangen barnehage-skule skjema leverast ferdig utfylt til skulen seinast 1. februar.	Barnehagen
Februar/ mars	Foreldremøte der ein representant frå skulen orienterar om skulen og SFO. Aktuelle tema: førskuledagar, overgangen, fadderordning, gruppesamansetjing, evt. kontaktlærer, SFO ordninga etc.	Skulen
April/ mai	Minimum to ½ førskuledagar (Jostedal har seks eller sju + symjing). Skulen sender ut invitasjon. Hugs omvisning på SFO der det er aktuelt.	Skulen
Mai/ juni	Ved behov: kontakt mellom barnehage og kontaktlærer for utveksling av nyttig informasjon og evt. oppdatering. NB: gjeld berre dei barna der foreldra har gitt samtykke	Barnehagen
Mai/ juni	Skulen bør vera representert på siste ansvarsgruppemøte for barn i barnehagen.	Barnehagen
Juni/ juli/ august	Skriftleg informasjon frå skulen til alle 6-åringane om t.d. gruppesamansetjing og kontaktlærer; og innkalling til fyrste skuledag, gjerne med eit program for dei fyrste dagane .	Skulen

I Jostedal barnehage har overgangen barnehage – skule vore eit prioritert område i mange år. Pedagogisk leiar i barnehagen og lærar i småskulen har eit vel etablert samarbeid, og set kvar haust opp ein plan for kommande barnehage-/skuleår. Vanlegvis startar ein felles aktivitetar for 5-åringane og 1. og 2. klasse i oktober. Ein tilsett og 5-åringane er på skulen ca 1 gong pr. mnd. På skulen jobbar 5-åringane i eigne skrivebøker, leikar, er med i friminutt, måltid og badar i bassenget. Utover våren er besøka/badinga oftare, og ein felles skogstur på vårparten er blitt ein tradisjon. Med dette tette samarbeidet vil me at barna skal bli kjende i skulemiljøet, og med det gje dei ein mjuk overgang frå barnehage til skule. Det gjer òg at skulen kjenner ungane godt før dei startar, og kan legge betre til rette for behova til gruppa og enkeltelevar heilt frå skulestart.

Plan for skulebesøk 2013/2014

- Datoar for skulebesøk haust 2013: Tysdag 22.oktober og 19.november
- Datoar for skulebading haust 2013: Torsdag 24.oktober (symjegruppe 1) og 31. oktober (symjegruppe 2)

DAGSPLAN VED SKULEBESØK (oppstart etter haustferien)

Dei vekene det er skulebesøk, er det ein dag der 5-åringane besøker 1.klasse på skulen, og torsdagen same veka har 5-åringane symjing i lag med 1.-3.klasse. Det er alltid med vaksne både frå barnehagen og skulen.

Innhald skuledag:

Kl 9.45 5-åringane kjem bort til 2.time på skulen.

- rim og regler, klappeleikar skredans og leik
- på nyåret vert det meir fokus på blyantgrep og arbeid i blyantboka.

Kl 10.30 Friminutt med uteleik for alle elevar

Kl 10.55 Måltid

- Elevane et medbrakt niste saman med 1.-3.klasse, barnehagen har med drikke
- Høgtlesing og frileik inne

Kl 12.00 Avslutning

Innhald torsdagar:

Kl 12.00 Møtest i garderoben. Øve på å kle av og på seg sjølv. Øve på å dusje og tørke seg sjølv. Passe på eigne klede og sitt badeutstyr. Symjetime/bli trygg i vatnet og bli trygg på medelevar.

For å få best mogeleg overgang frå barnehage til skule, har dei eldste i barnehagen mellom anna fokus på:

Lesing:

Borna blir leste for i barnehagen. Det er positivt for den vidare utviklinga på skulen at ungar blir leste for frå dei er små (gjerne før barnehagealder). Viss vaksne syner positiv haldning til lesing, og lesestundene er gode opplevingar, gir dette motivasjon for å lære å lese sjølv seinare, og forskning viser at dette har positiv verknad vidare i livet.

- Tidleg lesing gir ungane betre forståing av ord og omgrep, seinare gir slik "lystlesing" ungane sjølve betre språk og rettskriving når dei skal skrive eigne tekstar.
- Under lesing øver borna konsentrasjon og minne når dei må lytte til ein tekst gjerne utan bilete, og hugse att noko av innholdet. Borna får kjennskap til litteratur, og målet er å bli nyfiken på og glad i tekst og bøker, og å sjå at bøker er ein port til å lære om ting ein er interessert i.

Leikeskriving:

- Me ser det som svært positivt at borna leikeskriv i barnehagen, og gjerne at nokon les det borna har skrive. Er borna opptekne av å skrive bokstavar, lærer borna å skrive dei på same måte som på skulen (retning og rekkjefølgje i utforminga). Lære å skilje mellom *lyden* til bokstaven, og *namnet* til bokstaven.
- Blyantgrep: Under skulebesøk og i barnehagen snakkar me om korleis det er best å halde blyanten. Me øver Skredans og på nyåret får dei som er på skulebesøk "Blyantboka" som dei jobbar i under skulebesøka.

Spel:Øving i Brettspel gir borna mykje nyttig lærdom. Ein må lære å vente på tur, flytte brikker, telje, forstå mengd på terning, innordne seg spelereglar som å tape/vinne osb.

Motorikk:

- Kle av/på seg (men dei som treng hjelp får sjølvsagt det!)
- Henge opp kleda på eigen plass
- Kjenne til og vere bevisst på blyantgrepet
- Leike leikar der ein blir "teken" (viktig å tåle for å ha godt samspel med andre)
- Leike leikar der ein er bevisst auge/hand-koordinasjon
- Leike leikar der ein er bevisst på kryssing av midtlinja dvs høgre hand mot venstre bryst og omvendt
- Øve kroppskontroll
- Ta imot beskjedar
- Skrive namnet sitt

Fagområda

Rammeplan skisserer 7 fagområde som barnehagen skal arbeide med. Desse 7 fagområda er:

1. KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST
2. KROPP, BEVEGELSE OG HELSE
3. KUNST, KULTUR OG KREATIVITET
4. NATUR, MILJØ OG TEKNIKK
5. ETIKK, RELIGJON OG FILOSOFI
6. NÆRMILJØ OG SAMFUNN
7. TAL, ROM OG FORM

Barna får møte alle desse fagområda gjennom kvardagsaktivitetar, leik og tilrettelagde aktivitetar. Aktivitetane blir tilpassa alder og utvikling, dvs det skal vera progresjon etterkvart som barnet veks og utviklar seg.

Barna har medverknadsrett, det betyr at personalet må organisere innhaldet i barnehagedagen slik at dei tek omsyn til barna sine ynskjer for leik og aktivitetar.

Ein del av aktivitetane høyrer inn under fleire fagområde, og det blir heile tida arbeid tverrfagleg med fleire fagområde innanfor same tema/aktivitet.

[Tilbake](#)

Tema og Satsingsområde barnehageåret 2013 – 2014

Hovudsatsingsområde 2013/2014: Kommunikasjon, språk og tekst

Rammeplan for barnehagen seier:

Tidlig og god språkstimulering er en viktig del av barnehagens innhold. Kommunikasjon foregår i et vekselspill mellom å motta og tolke et budskap, og å selv være avsender av et budskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle et godt muntlig språk. Å få varierte og rike erfaringer er avgjørende for å forstå begreper. Å samtale om opplevelser, tanker og følelser er nødvendig for utvikling av et rikt språk. Tekst omfatter både skriftlige og muntlige fortellinger, poesi, dikt, rim, regler og sanger. Viktige sider ved kulturoverføringen er knyttet til kommunikasjon, språk og tekst.

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna

- *lytter, observerer og gir respons i gjensidig samhandling med barn og voksne*
- *videreutvikler sin begrepsforståelse og bruker et variert ordforråd*
- *bruker sitt språk for å uttrykke følelser, ønsker og erfaringer, til å løse konflikter og å skape positive relasjoner i lek og annet samvær*
- *får et positivt forhold til tekst og bilde som kilde til estetiske opplevelser og kunnskaper, samtaler, og som inspirasjon til fabulering og nyskaping*
- *lytter til lyder og rytme i språket og blir fortrolige med symboler som tallsiffer og bokstaver*
- *blir kjent med bøker, sanger, bilder, media m.m.*

(Sitat frå Rammeplan, s40)

Språkutvikling: Forteljing og høgtlesing

Resultatmål	Tiltak	Tid
Alle ungane er glade i å bli lest for	<ul style="list-style-type: none">*Lage avkryssingsliste for å sjå til at alle barna blir lest for.* Lage system for at foreldre/barn kan låne med bøker heim.* Byte ut bøker fast* Personalet formidlar bøker på ein spennande måte* «Boktimen»- fast organiserte smågrupper med høgtlesing* Fortelje/dramatisere ein historie/eventyr-personalet kan det utenat* Fortelje /Lage til eigne historiar frå «verklegheten»* Forsettelsesbok for dei største ungane* Bokpose/ Vekas bok: Kvart barn får etter tur ta med ei bok heimanfrå som dei presenterer for dei andre ungane i bhg.*Teikne frå boka* Adventskalendar	Startar opp oktober 2013

Språkutvikling: Rim, regler, dikt og song

Resultatmål	Tiltak	Tid
Barna i Jostedal barnehage får høyre rim, regler og song jevnleg	<ul style="list-style-type: none"> *Henge opp ellingar og enkle rim ved stallebordet. Utnytte stellesituasjonen til å prate med barnet. * Synge songar med rørsle *Lage songsekker. Ein for dei store og ein for dei små. Skifte songar kvar mnd * Kvar tilsett finn ei regle som dei vil lære til barna/dei andre tilsette *Vekas dikt: Eit nytt dikt kvar veke. * Rytmen i ord og song: T.d. bruke tromme til å gå takten. Klappe takten. * Munnmotorikk» * Leikar i gymsal som t.d. «Bjørnen sover» *Lage hanskedokker/Fingerdokker for å gjere forteljningar meir spennande for barna. 	Startar opp oktober 2013

Språkutvikling: Samtale

Resultatmål	Tiltak	Tid
Alle barna i Jostedal bhg får delta i samtale med vaksne og andre barn.	<ul style="list-style-type: none"> *Innby til samtale i naturlege situasjonar.Dei vaksne øver på å stille «dei rette» spørsmåla. *Bruke ertepose for å strukturere samtalen i samlingar. *Forteljarstein *Forteljarstol *Gebursdagslys (kunstig kubbelys) som går frå barn til barn der den som held lyset seier noko fint til den som har bursdag. *Forteljarkort *Lage historiar av «ting i pose». Ein startar og neste fortset. Tinga i posen styrer historien vidare. Den vaksne oppsummerer. *Den vaksne utnyttar naturlege situasjonar til å prate med barnet. T.d. påkledning, byte bleier osv. 	Er gjennomgåande for heile barnehageåret.

Språkutvikling: Leik

Resultatmål	Tiltak	Tid
Leggje til rette for språkutvikling ved å stimulere leiken.	<ul style="list-style-type: none"> *Gjere leikeromma meir innbydande til rolleleik *Leikegrupper * Stimulere til rolleleik ved å sjå og oppleve folk i arbeid. *Skjerme dei minste i leiken *Måle bilen ute og vesle dokkehytta innvendig for å stimulere til rolleleik ute. * Samle tomme boksar og diverse frå matlaging som kan brukast i leiken. *Dei vaksne går inn i leiken når det er naturleg. 	Er gjennomgåande for heile barnehageåret

Språkutvikling: Utforsking av skriftspråket

Resultatmål	Tiltak	Tid
Gje barna ei byrjande forståing for bokstavar og tal.	<ul style="list-style-type: none"> *Synleggjere bokstavar og tal i barnehagen *Skrive bokstavane med ulike matriell, t.d. baking *Skurvedans * Bokstavane har «lyd» og «namn» *Alfabetsongen *På bokstavjakt *Tulleskriving *Skrive namnet sitt 	Start oktober 2013

Andre tema 2013/2014, Jostedal barnehage

Bli kjende i barnehagen		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Ei god og trygg tilvenjing til barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> - Trygge vaksne (primærkontaktar til dei nye barna) - Tryggleik i at ting gjentek seg, faste rutinar - Tid til leik 	August og september 2013
Årstidene- haust, vinter, vår og sommar		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Ein viss forståing av årstidene. Registrere forandringane i naturen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva kjenneteiknar haust, vinter, vår og sommar - Korleis må me kle oss til ulike tider? - Gå turar - Plukke bær om hausten - Så frø om våren - Gå på ski om vinteren - Bade om sommaren 	Gjennom heile barnehageåret
Fargar(3-åringane)		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Alle 3-åringane skal lære namnet på fargane gul, raud, blå og grøn	<ul style="list-style-type: none"> - Lære namnet på kvar farge - Måle fargane - Blande fargar - Lage regnboge - Lage klovn - Lese bøker 	September og oktober 2013

Lære å lytte, utføre og konsentrere seg, 5 åringane		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Lære å ta i mot beskjed og utføre	<ul style="list-style-type: none"> - Lære litt om øyra - Ta i mot ein beskjed og utføre - Leikar og aktivitetar i gym sal - Skrivedans 	September og oktober 2013
Høgtider: Advent og jul, fastelavn og påske, 17.mai		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Skape forventning til høgtida	<ul style="list-style-type: none"> - Formidle kultur og tradisjonar i samsvar med Rammeplan for barnehagen. - Tema i samling - Nissefest før jul - Påskefrukost før påske - Fastelavnris - Karneval - Fastelavnballar 	Ei tid før den aktuelle høgtida
Kroppen vår		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Alle barna skal ha fokus på og lære litt om kroppen	<ul style="list-style-type: none"> - Lære om ulike kroppsdelar - Namn - Funksjon - Sansar - Gym sal - Bading 	Januar og februar 2014
Sjølvstendetrening		
Resultatmål	Tiltak	Tid
At kvart barn blir mest mogeleg sjølvhjelpne i dagligdagse situasjonar	- Gje hjelp til sjølvhjelp i t.d. måltid, påkledning, handvask/hygiene, toalettgange, leik med andre/sosiale situasjonar.	Gjennom heile året
Gebursdagsfeiring		
Resultatmål	Tiltak	Tid
Gje barnet som har bursdag ekstra merksemd	<ul style="list-style-type: none"> - Flagget til topps for den som har bursdag - Gebursdagsbarnet får krone, og vert vist ekstra merksemd i samling. - Gebursdagslys som skal gå rundt. Kvart barn skal seie nokre fine ord om den som har bursdag. - Frukttat til kos. 	Når barnet har bursdag

3. PLANLEGGING OG SAMARBEID

Planlegging og vurdering:

Planleggingsdagar 2013/2014:

7. oktober -13

2. januar -14

Ein dag i april

13. og 14. august

Personalmøte på kveldstid 3 timar pr mnd. Personalet avspaserer desse timane.

Dokumentasjon: Me vil i hovudsak bruke bilete som dokumentasjon i kombinasjon med årsplanen si omtale av mål og innhald med aktivitetane.

Samarbeidspartar:

Sfo (skulefritidsordning)

Sfo-barna er i lag med barnehagebarna om morgonen, men er åleine på ettermiddag. Sfo barna viser stor omsorg for spesielt dei minste barnehagebarna, og dei er verdifulle leikekameratar for dei eldste barna i barnehagen. Leiar for sfo er rektor/styrar ved oppvekstsenteret.

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)

Leiar ved kontoret er psykolog Olfert Øvrebø – tlf. 57685576.

I løpet av året er tilsette ved PPT rundt i barnehagar og skular for å rettleie personale og foreldre ang. vanskar hjå einskildbarn eller i gruppa.

Ingen av barna vil få hjelp frå PPT uten at foreldra er samde i det. Dette med unntak av saker der barnevernet er kopa inn (jf. "Lov om barnehager", § 22).

Foreldra kan sjølve kontakte PPT for å søke råd og rettleiing.

Helsestasjon

Fysioterapeut Carla Navarro som er tilsett på helsestasjon, er innom barnehagen nokre gonger i året. Ho har spesielt fokus på den motoriske utviklinga til barna. Carla gjennomfører både finmotorisk og grovmotorisk 4-årskontroll i barnehagen. Ingen av barna vil få tilpassa opplegg utan løyve frå foreldra.

Foreldrerettleiing er eit tilbod ved helsestasjon. Rettleiar tilbyr:

- Rettleiing på enkeltspørsmål
- Telefonkontakt/støtte
- Individuelle samtaler
- Meir omfattande rådgiving

Sjå elles oppslag på foreldretavla.

HSP team (Helse- og sosialpsykologisk team)

Eit samarbeidsforum mellom oppvekstsenteret samarbeidspartar som har med barn og unge sin helse og trivsel å gjere. Faste partar (møte i Jostedal tre gonger i året) er PPT, helsesøster, fysioterapeut og barnevern i tillegg til representantar for oppvekstsenteret.

Intensjonen med desse møta er:

- Barnet i fokus. Drøfte saker som gjer barn sin kvardag betre.
- Ein møteplass der ein kan ta opp bekymringar anonymt. Viss ein skal diskutere særskilte barn, må dette vere klarert med foreldre/føresette på førehand.
- Både foreldre og personale kan melde inn saker.